

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Peter Willmann
Arkivsaksnr.: 12/1414 - 110

Arkiv: L13

Planlagt behandling:

Hovudutval for lokal utvikling
Kommunestyret

SLUTTBEHANDLING DETALJREGULERINGSPLAN GANG- OG SYKKELVEG - FV 507 ORRE - HÅ GRENSE

Saka gjeld

Saka gjeld regulering av 4,5 km gang- og sykkelveg langs Nordsjøvegen frå Hå kommunegrense til krysset ved Orrevegen rett sør for Orre gamle kyrkje.

Gang- og sykkelvegen er allereie opparbeidd i Hå frå krysset ved fv 44 på Søyland til kommunegrensa.

Siste parsell av gang- og sykkelvegen i Hå, frå avkøyringa til Nærlandsparken til kommunegrensa med ei ny bru over Saltekanalen, blei ferdig i oktober 2015.

Nordsjøvegen er ein del av nasjonal turistveg Jæren.

Vegprosjektet blei kalkulert til mellom 39 og 48 mill. 2014- kroner og kan bli finansert via fylkesvegbudsjettet.



Figur 1 - Bilde av strekninga kor det skal byggjast gang- og sykkelveg

Planprosess og medverknad

Geir Jørgensen frå Statens vegvesen orienterte om reguleringsplanen i møte i hovudutval for lokal utvikling 20.06.2017 (sak 50/17). Hovudutval vedtok einstemmig: *Saka blir tatt til orientering.*

Tidlegare behandlingar - 1. gongs behandling:

Hovudutval for lokal utvikling vedtok einstemming i møte den 31.05.2016, sak 38/16:

1. Hovudutval for lokal utvikling vedtek i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10 å leggja Statens vegvesen sitt forslag til PlanID 8170 detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg langs fv 507 Orre – Hå grense med tilhøyrande planomtale og planbestemmelsar, alle datert 14.9.2015, ut til offentleg ettersyn. Statens vegvesen rås til å godkjenne fråvik i saka slik at breidde på gang- og sykkelvegen kan minskast frå 3,5 til 3,0 m mellom pel 0 – 1780 og pel 2280 – 4520 (nord og sør for Vik «tettstad») når vegvesen gjer uttale i saka ved offentleg høyring.

2. Hovudutval for lokal utvikling vedtek i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10 å leggja kommunalsjefen sitt alternative forslag til PlanID 8170 detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg langs fv 507 Orre – Hå grense med tilhøyrande planomtale og planbestemmelsar, alle datert 14.9.2015, ut til offentleg ettersyn. Endringa i kommunalsjefen sitt forslag består i å fjerna alle steingardar langs fv.507 for at gang- og sykkelvegen skal kunne byggjast i 3,0 m breidde og i same avstand frå fv.507 som Statens vegvesen har foreslått på strekninga nord for Vik tettstad der steingardane også skal fjernast. Endringa er sett fram verbalt og skal først innarbeidast i plankartet etter høyringa.

Utlegging til offentleg ettersyn

Reguleringsplanen med bestemmelsar og planomtale var lagt ut til offentleg ettersyn i tida 23.06. - 28.08.2016. Offentleg ettersyn vart varsla i annonse i Jærbladet 24.06.2016, i brev til offentlege instansar, grunneigarar og naboar, datert 23.06.2016 og publisert på kommunen si nettside.

Innkomne merknader til offentleg ettersyn

Det kom inn 6 merknader frå berørte grunneigarar til planforslaget. Klepp energi, kulturavdelinga i Rogaland fylkeskommune og Statens vegvesen, plan- og forvaltning Stavanger kom med tilbakemeldingar til saka. Fylkesutvalet og Fylkesmannen i Rogaland, landbruksavdelinga, kom med motsegn til planforslaget.

Merknadane i fulltekst er tilgjengelege via eByggWeb og referert og kort kommentert i eige vedlegg.

Omtale av planforslaget

Planforslaget er nærare utgreidd i saksframlegget til 1. gongs behandling i hovudutval for lokal utvikling i møte den 31.05.2016, sak 38/16 (vedlagt). Plantema som blei utgreidd til 1. gongs behandling blir ikkje gjenteke her. I saksbehandlinga til 2. gongs behandling skal vi berre vurdere innspel frå offentleg ettersyn og eventuelle endringar av planforslaget som følgje av merknadane. Planomtalen skal vere oppdatert slik at endringar i planen etter at den låg ute til offentleg ettersyn første gong er omtalt. Endringar på plankart, i bestemmelsane og i planomtalen er lista opp under.

Drøftingar i etterkant av høyringa

Etter at høyringsfristen gjekk ut, låg det føre motsegn både frå fylkesutvalet og frå fylkesmannen, landbruksavdelinga. Fylkesutvalet kunne ikkje akseptere ei planløyning som ikkje tok nok omsyn til bevaring av langsgåande steingarder som viktig landskapselement og kulturberarar. Fylkesmannen ved landbruksavdelinga meinte at potensialet for minst mogleg tap av landbruksjord ikkje var teke fullt ut.

Motsegn frå fylkesmannen og fylkeskommunen blei løyst i februar 2017 ved at partane gjekk med på å redusere bevaringa av steingarder sør for Vik. Den eine steingarden blei redusert med 80 løpemeter frå 300 lm til 220 lm. Den andre steingarden blei halvert frå 610 lm til 260 lm. Jordverngevinsten av dette er 0,8 dekar.

Statens vegvesen kunne gå inn for å spare om lag 2 dekar landbruksjord i høve til innsendt planforslag ved å fråvike standarden på normalt 3,5 m reguleringsbreidde til 3 m (2,5 m asfalt + 2 x 0,25 m grusskulder).


Stabiliseringsarbeid og nyasfaltering av fv 507 opnar for ny drøfting

Forventningar frå hovudutvalet om at prosjektet må føre til reelle forbedringar for dei som bur langs vegen var bakgrunnen for eit siste drøftingsmøte med Statens vegvesen 3. november 2017. Statens vegvesen har gjennomført arbeid med å stabilisere vegfundamentet og reasfaltert fv 507 på strekninga Orre – Hå grense. Asfaltbreidda er nå lagt i minimum 5,5 m breidde. Vegen har nå eit stabilt vegfundament heilt ut til asfaltkanten.

U-H₀1 Øvrige hovedveger, ÅDT < 1 500 og fartsgrense 60 eller 80 km/t

Tverrprofil

Vegens breidde tilpasses breidde på eksisterende veg, men tverrprofil skal minst tilfredsstillende breddekravene i figur D.8. Det tilstrebes jevn breidde over lengre strekninger.



Figur D.8: Tverrprofil U-H₀1, 6,5 m vegbreidde (mål i m)

Figur 2: tverrprofil for Vegklasse U-H₀1

Arbeidet har medført at køyrevegen på mesteparten av strekninga har blitt oppgradert til vegklasse U-H₀1 med 6,5 vegbreidde. Det står igjen oppgradering av vegskulder til 50 cm. Det er mest rasjonelt å gjennomføre arbeidet med vestre vegskulder i samband med opparbeiding av grøft for gang- og sykkelvegen.

Konsekvensar av oppgradering til vegklasse U-H₀1

Planarbeidet for gang- og sykkelvegen starta i 2012, lenge før oppgradering av fv 507 blei vedteken.

Plangrensa blei lagt i «kvitstripa», om lag 25 cm frå (den då eksisterande) asfaltkanten på køyrevegen. Med bakgrunn i dårleg stabilitet for vegbanen og ikkje minst mjuke vegskuldrar blei det valt ein rabattbreidde på 3 m som grunnlag for planarbeidet, og for område med nedsett fart (60 sone). Rabattbreidda blei sett etter det då gjeldande regelverket målt mellom kvitstripe og kanten for gang- og sykkelvegen.

Oppgradering av vegen har medført at den nye køyrebane kanten ligg nærare regulert gang- og sykkelvegkant enn det planforslaget føreset. Oppgraderinga til betre køyrevegstandard tek av regulert trafikkdelar-/rabattbreidde. Oppgradering av køyrevegen er udelt positivt for trafikktryggleiken. Den vil og redusere faren for at køyretøy som kjem utanom vegbanen og

mister styrings-kontrollen på den (tidlegare) mjuke skuldra nå lettare kan ta seg inn på vegbanen igjen. Dette vil redusere faren for kollisjon med mjuke trafikantar på gang- og sykkelvegen.

Heilt frå starten av planarbeidet har næringsdrivande langs Nordsjøvegen gitt klare tilbakemeldingar på at regulering av ein gang- og sykkelveg ikkje løyser det primære problemet med fv 507: At køyrevegen både er for smal, og i alt for dårleg stand til at næringstrafikken til og frå dei store produksjonsbedriftene kjem fram på ein trygg måte. Rådmannen meiner at stabiliseringsarbeidet som Statens vegvesen nå har gjennomført er positiv for dei som driv næring langs strekninga.

Etter nyasfalteringa har administrasjonen samanlikna tverrprofilen av den planlagde gang- og sykkelvegen med gang- og sykkelvegar som er bygd etter «2 m- rabatt» standard. Etter at Nordsjøvegen er reasfaltert er den reelle rabattbreidda så å seie identisk med løysinga både på Bore og Nærland i Hå kommune. Begge desse gang- og sykkelvegane blei prosjektert med «2 m» rabattbreidde.

Endringar i forhold til den opphavleg planen utarbeidd av Statens vegvesen

Justeringar med bakgrunn i tilbakemeldingar etter grunneigarmøter:

- Justeringar av jordbruksavkøyringa og avkøyringar til tun etter merknad frå grunneigarar
- Talet på hovudavkøyringar på Vik auka frå ein til to.
- Felles avkøyring mot sjøen vis a vis Åsevegen er oppretthalden som i dag, rett ut i fv 507.

Justeringar med bakgrunn i politisk initiativ under og i etterkant av offentleg ettersyn:

- Redusert reguleringsbreidde for gang- og sykkelvegen: frå 3,5 m til 3,0 m. Redusert arealforbruk: 2 dekar.
- Reduksjon av steingardvern sør for Vik. Redusert arealforbruk: 0,8 dekar.
- Redusert «anna vegareal» på vestsida av gang- og sykkelvegen mot gjerdelinje: frå 1,00 m til 0,75 m. Redusert arealforbruk: 1,2 dekar.

Endringar i plankart:

Endringane opplistinga ovanfor er innarbeidd i plankartet. Den siste reduksjonen av «anna vegareal» frå 1,0 m til 0,75 m er innarbeidd i det digitale plankartet. Reduksjonen på 25 cm viser ikkje igjen på papirkart/pdf. Den er difor uendra men har likevel fått ei ny justeringsdato: 07.11.2017.

Endringar i planbestemmelsane:

Justering av bestemmelsar om avkøyringar og kven dei er felles for i samsvar med endringar i plankart. Presisering av planbestemmelse om å ta vare på enkelte steingardar.

Endringar i planomtalen:

Feil i arealrekneskap som enkelte har påpeika i høyringsinnspela er retta på. Den siste endringa, reduksjon av avstand mellom gang- og sykkelvegkant til gjerdelinje er ikkje teke med.

Vurdering av det endra planforslaget

Rådmannen ser det som positivt at Statens vegvesen har gått langt i å fråvike normalkrava til sanering og samanslåing av avkøyringar. Dei har akseptert «kravet» frå dei næringsdrivande på Vik om å få to gode avkøyringar til fylkesvegen dimensjonert for semitrailerar. Vegvesenet stod opphavleg hardt på å samle alle avkøyringar til ein. Jordvern og vern av steingardar har fått stor merksemd i saka.

Stabiliseringsarbeidet og nyasfaltering med større vegbreidde gjer at dei næringsdrivande langs Nordsjøvegen har fått delvis innfridd deira primærkrav: å gjere noko med sjølve fylkesvegen for å betre tilhøva for tungtrafikken.

Når vegprosjektet etter nyasfaltering av Nordsjøvegen i praksis blir bygd med same rabattbreidde som på Bore og Nærland, kan ikkje vegvesenet ytterleg gå på akkord med gjeldande vegnormaler. Statens vegvesen har i ein siste drøftingsrunde gått med på å redusere arealet mellom vestre gang- og sykkelvegkant og gjerdelinja frå 1,00 m til 0,75 m, akkurat nok til å plassere skilt utanfor sykkelvegbanen. Politisk og administrativt arbeid med å optimere planen har gitt resultat.

Omsyn til trafikktryggleiken for mjuke trafikantar må vege tyngst

Rådmannen vil minne på at denne plansaka først og fremst dreier seg om trafikktryggleik for mjuke trafikantar. Omsynet til trafikktryggleik for barna som bur langs Nordsjøvegen er like viktig som elles i kommunen og gjer at rådmannen meiner at dei folkevalte nå bør gå inn for å vedta planen.

Konsekvensar for kommunen

Ein godkjent reguleringsplan for prosjektet vil auka sannsynlegheita for at gang- og sykkelvegen blir finansiert som fylkesvegprosjekt.

Konklusjon

Rådmannen fremjar PlanID 8170 detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg langs fv 507 Orre – Hå grense til 2. gongs behandling.

Vedlegg:

- Plankart del 1, datert 14.09.2015, sist justert 07.11.2017.
- Plankart del 2, datert 14.09.2015, sist justert 07.11.2017.
- Plankart del 3, datert 14.09.2015, sist justert 07.11.2017.
- Plankart del 4, datert 14.09.2015, sist justert 07.11.2017.
- Plankart del 5, datert 14.09.2015, sist justert 07.11.2017.
- Bestemmelsar, datert 14.09.2015, justert 17.02.2017.
- Planomtale, datert 14.09.2015, justert 17.02.2017.
- Innkomne merknader til offentleg ettersyn
- Særutskrift av møtebok 1. gongs behandling i HLU 31.05.2016, sak 38/16.

Innstilling:

Rådmannen foreslår at saka går til hovudutval for lokal utvikling og kommunestyret med slik tilråding:

Klepp kommunestyre vedtek i medhald av plan- og bygningslova §12-12, PlanID 8170 detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg langs fv 507 Orre – Hå grense datert 14.09.2015, sist justert 07.11.2017 med tilhøyrande bestemmelsar og planomtale, datert 14.09.2015, justert 17.02.2017.

Rådmannen i Klepp 12.01.2018

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.